



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Fiskeridirektoratet  
Postboks 185  
5804 BERGEN

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
Britt Leikvoll Anne Brit Fjermedal	21.12.2020	47256/2021/U43/&13	Rebekka Varne , 71 28 03 51	29.03.2021

## Uttale til høyring av forslag til endringar i akvakulturregelverket

Viser til høyring frå Fiskeridirektoratet mottatt 21.12.2021.

Fylkesutvalet har delegert myndigheit til å svare på høyringar for Møre og Romsdal fylkeskommune og fatta i møte 22.03.2021 samrøystes vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslag til endringar i akvakulturdriftsregelverket som vil styrke tilsynet sitt mynde til å avgrense påverknad på miljøet frå akvakultur.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at regelverket for tryggingssoner rundt mobile anlegg blir avklart, og at moglegheita for å utvide tryggingssona rundt eksponerte stasjonære anlegg innanfor plan- og bygningsloven sitt verkeområde blir utgreidd og tatt med i tildelingsforskrifta.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune ser gode grunnar for at tildelingsmyndet for havbruk til havs blir lagt til Fiskeridirektoratet. Fylkeskommunen forventar at regjeringa kjem tilbake med ein grundig prosess på korleis havbruk til havs skal organiserast, og at det her blir tatt omsyn til regionale interesser. Temaet bør takast med i havbruksstrategien som er under arbeid.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at det på sikt blir laga ei eiga tildelingsforskrift for havbruk til havs som omfattar fleire artar enn laks, og oppmodar om at fylkeskommunane som tildelingsmyndigheit blir tatt med i prosessen og får ei forskriftsfesta rolle i tildelingsprosessen.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er for lite kunnskap om langsiktige effektar av utslepp av medisinrestar, både på andre organismar og når det gjeld risiko for resistensutvikling. Risikovurderinga ved bruk av legemiddel på akvakulturorganismar bør difor skjerpast og det bør setjast av meir ressursar på forskning på desse problemstillingane.

Med helsing

Tove-Lise Torve  
fylkesordførar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

